

<p><b>Prosjektnamn</b> Førebygging og behandling av underernæring</p>
<p><b>HF/avdeling/eining ansvarleg for prosjektet</b> Helse Fonna/DTK/Terapeutiske spesialtenester</p>
<p><b>Kontaktperson/prosjektleder</b> Kristine Aurdal</p>
<p><b>Bakgrunn for prosjektet/hovudpunkt</b> Forskning viser at 20 – 30 % av pasientane på sjukehus er underernærte. 30 – 70 % taper vekt etter at dei er innlagde. Underernæring blir sjeldan identifisert og behandla. Underernæring medfører dårlegare helse og livskvalitet. Det aukar frekvensen av komplikasjonar og gir unødig lidning. Underernæring forseinkar rehabiliteringa og gir lengre liggetid på sjukehus. Underernæring bidreg til store meirutgifter og er svært uøkonomisk.</p>
<p><b>Formål med prosjektet / forbetningsmål</b> Det er ønskelig å komme i gang med kvalitetssikring av ernæringsarbeidet i Helse Fonna. Formålet er å førebyggje og behandle underernæring for å oppnå raskare rehabilitering, betre livskvalitet og økt inntening, bl.a. ved økt bruk av ICD10-kodar for underernæring.</p>
<p><b>Metodisk tilnærming / evaluering av effekt</b> Gjennomføringa av prosjektet vil gå ut på å kartleggje mattilbodet og ernæringsarbeidet ved alle postar ved Haugesund sjukehus. Det vil bli gjennomført ei spørjeundersøking blant personalet ved kjøkkenet og alle dei kliniske avdelingane. Rutinar for vurdering av ernæringsstatus, ansvar, tiltak, bruk av ICD10-kode for underernæring osv. skal belyst.  Kartlegginga vil få fram moglege manglar og kan være med å bevisstgjøre personalet om kor viktig vurderinga av ernæringsstatus er, samt verdien av tidlig og riktig ernæringstiltak.  Kartlegginga vil ta cirka ein månad.</p>
<p><b>Overføringsverdi/overføring av kunnskap til andre einingar i regionen</b> Kartleggingsdelen av prosjektet vil gje kunnskapar om korleis ein kan forbetre ernæringsssituasjonen i Helse Fonna. Ein kan ta tak i strukturelle forhold kring mat og måltider og setje i verk tiltak for å førebyggje og behandle underernæring. Ein bør føre jamleg statistikk over bruk av ICD10-koder for underernæring.</p>